



DEN NORSKE KYRKJA



jobbikyrkja.no

Jobb i kyrkja



Vil du jobbe i kyrkja?

Prest

Å vere prest er ei god blanding av fagleg og menneskeleg arbeid. Du er den som knyter bandet mellom kyrklelege handlingar og folk sin kvar dag.

Alle kyrkjelydar og alle menneske er ulike. Difor må du som prest finne ut korleis du best formidlar, forkynner og underviser der du jobbar. Prestegjerninga byggjer på kyrklelege ritual og handlingar som gudsteneste, dåp, vigslé og gravferd. Som prest møter du heile tida på nye utfordringar og nye store spørsmål når du forkynner og underviser.

Kyrklelege handlingar er like mykje møte med menneske. Menneske som kan vere stolte, glade, spente, nysgjerrige, sørgjande eller tvilande. Du må kunne lytte, vise omsorg, skape tillit og lese situasjonar som personane det gjeld, kanskje ikkje klarer å tolke sjølve.

Kateket

Visste du at kyrkja også driv med undervisning og pedagogisk arbeid? Dette arbeidet er det kateketen som er ansvarleg for.

Saman med andre tilsette i kyrkja skal kateketen utvikle og skjøtte det pedagogiske arbeidet i kyrkjelyden. Ein kateket jobbar ofte tett opp mot barn og unge, og er ansvarleg for trusopplæringa, konfirmasjonsundervisninga og anna ungdomsarbeid. Kateketen er med på å skape gode møtestader, relasjonar og eit godt fellesskap for unge i kyrkja.

I gudstenesta tek kateketen aktivt del og legg til rette for at også barn og unge engasjerer seg. Dersom barnehagar eller skular til dømes skal vere med på jule- eller påskegudsteneste, er det kateketen som står for kontakten. Kateketen kan også samarbeide med andre i lokalmiljøet som jobbar med barn og unge.

Diakon

Ein diakon jobbar tett på menneske i alle aldrar og frå ulike miljø. I dette yrket vil arbeidkvardagen vere full av kontrastar.

Som leiar av omsorgsarbeidet i kyrkjelyden, arbeider du kvar dag med å sikre at folk i alle aldrar blir sette og inkluderte: I gudstenesta, trusopplæringa, det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet og i lokalsamfunnet. Du set opp sorggrupper for etterlatne eller menneske som opplever samlivsbrot, organiserer kvardagsmiddagar i kyrkjelyden eller kafétilbod for ungdom.

Du kan også vere med på å utvikle nye tilbod lokalt, til dømes når nye flyktningar buset seg i bygda. Dette gjer du gjerne i samarbeid med frivillige organisasjonar og kommunale instansar. På den måten fungerer du som brubyggjar mellom lokalkyrkja og lokalsamfunnet.

Kantor

Orgelmusikk, piano, solosong, barnekor, kyrkjekor, julekonsertar eller søndagsgudstenester. I kyrkja kjem musikklede i mange former. Som kantor er du med på å skape dei.

Er du kantor i ein kyrkjelyd, kan du også kallast kyrkjemusikar. Dette er ei passande nemning, for som kantor er du utøvande musikar og leiar for det musikalske arbeidet i kyrkja. Kantoren speler i gudstenester og ved kyrkjelege handlingar som dåp, konfirmasjon, vigslle og gravferd.

Ein kantor kan leie store og små kor eller instrumentale grupper, planleggje, arrangere og gjennomføre konsertar eller ta del i arrangement i lokalmiljøet. I tillegg kan ein kantor ha born og unge som elevar i orgelspel eller andre instrument.

Viss du har lyst til å bli kantor, må du ha ein solid musikalsk bakgrunn og ville dele musikklede og -kunnskap med andre.

Les meir på jobbikyrkja.no